

Landskapsanalyse for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy Kvinnherad kommune



Landskapsanalyse Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy Kvinnherad kommune

Utarbeidd av:
Morten Clemetsen
Aurland Naturverkstad BA
Rapportnr 7/2005

<p>Tittel: Landskapsanalyse for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy i Kvinnherad kommune</p>	<p>Rapport nr: 7 - 2005</p>
<p>Forfatter: Morten Clemetsen</p>	<p>Dato: 24.10. 2005</p> <p>Oppdragsgjevar: Kvinnherad kommune</p>
<p>Referanse: <i>Clemetsen, M. Landskapsanalyse for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy i Kvinnherad kommune. Aurland Naturverkstad Rapport 7 - 2005, 48s</i></p>	
<p>Referat: Det er gjennomført overordna landskapsanalyse for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy i Kvinnherad kommune. Analysen skal nyttast som grunnlag for vidare utarbeiding av kommunedelplan for same område. Det er føreteke analyse av landskapsbilete, visuelle, sårbare landskapsområde, område med stor opplevingsverdi , og område som er viktig for friluftsliv, rekreasjon og reiseliv. Utgreiingsområdet er delt inn i 54 einskaplege delområde. Kwart område er skildra og plassert i ein av 6 områdekategoriar ut frå dominerande trekk i naturmiljø, kulturmiljø og arealbruk Avgrensing av visuelt sårbare område, heilskaplege kulturmiljø og viktige område for rekreasjon og reiseliv er vist på eigne temakart.</p>	
<p>Framsidediagram: Bilete frå Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy. Foto: Morten Clemetsen</p>	
<p>Emneord: Landskapskartlegging Landskapsanalyse Fjordlandskap Ølve Hatlestrand Varaldsøy Kvinnherad kommune</p>	
<p>Produsert av: Aurland Naturverkstad BA Postboks 27 5741 Aurland Telefon.:57633629, Faks: 57633516 e - post: kontorpost@aurland-naturverkstad.no www.aurland-naturverkstad.no</p>	

Føreord

Som grunnlag for utarbeiding av ny kommunedelplan for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy skal det utarbeidast landskapsanalyse for dei aktuelle områda. Aurland Naturverkstad v/ Morten Clemetsen har gjennomført synfaringar og kartlegging i felt, samt utarbeidd rapporten. Kontaktperson hjå Kvinnherad kommune har vore arealplanleggjar Anbjørn Høivik ved plankontoret. Digitale kartframstillingar er utført av Siri Wølneberg Bøthun ved Aurland Naturverkstad.

Dersom ikkje anna er nemnt, er alle bilete tekne av Morten Clemetsen.

Aurland 25. oktober 2005

Morten Clemetsen
Landskapsarkitekt MNLA

Innhald.

Føreord.	Side:
1. Innleiing	
1.1. Bakgrunn og problemstilling	6
1.2. Målsetjing	6
2. Metodegrunnlag	
2.1. Landskapsbilete som faktor i arealplanlegging og forvaltning.	6
2.2. Fagleg metodikk	7
2.2.1. Kriteria for romleg – visuell landskapsanalyse	7
2.2.2. Skala og romverknad	7
2.2.3. Overordna landskapsområde	8
2.2.4. Inndeling i einskaplege delområde.	8
2.3. Innsamling av data	9
3. Overordna omtale av utgreiingsområdet	
3.1. Lokalisering og generell omtale	10
3.2. Landskapsklassifisering.	11
3.2.1. Landskapsregion	11
3.2.2. Landskapstypar i strandsona	12
3.3. Geologiske hovudtrekk	13
3.4 Overordna karaktertrekk ved landskapet	14
3.4.1. Ølve – Hatlestrand	15
3.4.2. Varaldsøy	16
3.5. Havbruksanlegg i sjø og tilgjengelege strandsonar	18
4. Einskaplege delområde	
4.1. Kvifor inndeling i einskaplege delområde?	19
4.2. Presentasjon av 54 delområde.	19
5. Oppsummering og tilrådingar	
5.1. Samanstilling av områdekategoriar vurdert ut frå dominerande trekk i naturmiljø og arealbruk	40
5.2. Visuelt sårbare landskapsområde	43
5.3. Heilskaplege kulturlandskap og kulturmiljø av særskild verdi og utviklingspotensial.	44
5.4. Viktige område for reiselivet (rekreasjon, friluftsliv og landskapsoppleving)	46
Kjelder.	48

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn og problemstilling

Kvinnherad kommune skal utarbeide kommunedelplan for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy. Som grunnlag for fastsetjing av rammer for arealbruk i planen, skal det mellom anna utarbeidast ei landskapskartlegging av området.

Ei landskapskartlegging vil innehalde ei skildring av planområdet med karakteristikk av landskapets fysiske utforming, særskilde natur- og kulturverdiar og opplevingsverdi knytt til landskapsbiletet. Ei slik utgreiing kan vere ein viktig reiskap til å sikre og vidareutvikle eit variert og opplevingsrikt landskap som både lokalsamfunnet, hyttefolk og turistar vil finne attraktivt. Landskapskartlegging og analysar vil og sjølv sagt vere viktige reiskapar for å legge premissar for utbyggingsføremål, disponering av naturressursar, lokalisering og utforming av tiltak.

1.2. Målsetjing

- Det skal gjennomførast ei landskapskartlegging av Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy.
- Kartlegginga skal peike ut visuelt sårbare landskapsområde og område som er viktige for reiselivet.

2. Metodegrunnlag

2.1. Landskapsbiletet som faktor i arealplanlegging og forvaltning.

Landskapet vert definert som dei samla fysiske omgjevnadene som omsluttar oss under open himmel (Bruun 1996). Landskapet er samansett av ei rekkje fysiske komponentar forma av naturprosessar og av menneskeleg inngrep og aktivitet. Landskapet rommar difor både natur og kultur. Ofte er dette vevd i kvarandre på ein måte som gjer det vanskeleg (og kan hende lite føremålstenleg) å skilja frå kvarandre. Kulturdelen av landskapet inneheld ei historisk djupne når det gjeld busetnad, bruksmåtar og omforming av natur til kulturlandskap.

Med basis i ei brei landskapsforståing vil analyse av landskapet omfatte både naturskildringar og skildring av kulturelle faktorar som historisk utvikling, arealbruk, kulturminne, byggeskikk, bygningar, infrastruktur osv. (Bruun 1996).

Landskapets verdi vil i stor grad og vere knytt til opplevinga av det, både som fysisk landskap og som kulturelt landskap. Omgrepet *landskapsbilete* vert ofte nytta om det landskap ein ser og sansar og gjennom det ein umiddelbart opplever (Fredningsstyrelsen 1982, Bruun 1996), men den kulturelle forståinga av landskapet er og viktig. Ikkje minst den historiske dimensjonen – korleis har folk levd og utnytta landskapet gjennom tidene og korleis har dette vore med å forme vår tids landskapsuttrykk. Landskapsbiletet omfattar og estetiske kvalitetar, men det kan vere rettare å nytte omgrep som *landskapskarakter* eller *identitet* for ikkje å snevre det inn til ein diskusjon om "stygt og pent".

For å kunne skildre landskapsbiletet på ein utfyllande måte, er det i dei neste avsnitta gjort greie for dei metodiske framgangsmåtane som er nytta. Arbeidsopplegget bygger i stor grad på metodikk utvikla ved Institutt for landskapsplanlegging (Bruun 1983, Nordisk Ministerråd 1987) og Norsk Institutt for Jord- og Skogkartlegging (Elgersmaa 1996, Elgersmaa og Asheim 1998).

2.2. Fagleg metodikk

2.2.1. Kriteria for romleg visuell landskapsanalyse

Utgreiingsområdet er landskapsmessig variert og med lang historisk kotinuitet og stor variasjon mellom ulike arealbruksføremål og landskapstypar. Desse variasjonane er ein viktig føresetnad for opplevingsrikdomen i området. For å kunne skildre landskapsbilete og opplevingsverdiar på ein systematisk måte, er heile utgreiingsområdet delt inn i *overordna landskapsområde* og *einskaplege delområde*.

Slik strukturering og inndeling er nødvendig for å kunne gje ein presis omtale av området og dei ulike faktorane som påverkar landskapsbiletet og opplevinga av det. Den landskapsmessige organiseringa som er nytta i rapporten vil kunne danne grunnlag for vidare utarbeiding av kommunedelplan.

NIJOS har delt strandsonene inn i ulike landskapstypar. Desse landskapstypane vil i mange tilfelle ha felles trekk med inndeling i delområde. Men det er viktig å merke seg at inndeling i delområde ikkje nødvendigvis representerar eit skilje i arealbruk, men kan vere basert på romlege avgrensingar.

2.2.2 Skala og romverknad

Omgrepet skala har med målestokken i landskapet å gjere. Terrengform, omfanget av ulike element i landskapet og innhald av detaljar vil påverke oppfattingar av skalatilhøve. Eit landskapsområde med terrengformar som gjev lange utsyn med få eller jamt vekslende overgangar, vil oppfattast som storskala. Eit område med mange overgangar mellom vertikale og horisontale former som til dømes eit kupert, kollete landskap, vil vere meir småskala. Skala vil og i stor grad påverke romverknaden i landskapet.

Romverknaden i eit landskap vil kunne oppfattast og skildrast på ulike nivå. Eit overordna landskapsrom vil kunne delast inn i mindre rom osb. Særskilt vil dette vere tilfelle i meir småskala landskap. Romma på dei forskjellige nivåa kan og vere vanskeleg

å definere eksakt. Opplevinga er dynamisk, etter som ein rører seg gjennom landskapet. Romma vil gli over i kvarandre og danne meir diffuse overgangssoner.

2.2.3. Overordna landskapsområde. Målestokkgrunnlag 1:50000

Det er ynskjeleg å gje ein oversiktleg karakteristikk av utgreiingsområdet uavhengig av områdeindeling og detaljansalar. Skildringane er delt i to; ein for Ølve og Hatlestrand og ein for Varaldsøy. Som øysamfunn har Varaldsøy eigenskapar som skil det så mykje frå fastlandet at det er rett å skildre det som eit eige overordna område.

Kvart område er består av eit sett landskapskomponentar og visuelle uttrykk som til saman dannar ein overordna landskapskarakter.

Omtalen er basert på fylgjande tema:

- **Lokalisering, skala og landformer.**
- **Naturmiljø** med dominerande trekk i geologi og vegetasjon, vatn og vassdrag.
- **Arealbruk** med vekt på fysiske tiltak og inngrep knytt til busetnad, næringsliv, samferdsle, landbruksdrift, friluftsliv, etc.
- **Kulturhistorie** med viktige fysiske spor og minne etter tidlegare busetnad, ferdslé, ressursutnytting, sosialt og religiøst liv.
- **Landskapsbilete** slik området framstår i dag med særpreg, variasjon og heilskap,. Hovudvekt er lagt på visuelle tilhøve, I kva grad landskapet er prega av menneskeleg bruk vil vere med å bestemme landskapskarakter.

Overordna landskapsområde er skildra i kapittel 3.

2.2.4. Inndeling i einskaplege delområde. Målestokkgrunnlag 1:10000/ 1:5000.

I samband med skildring av landskapet i utgreiingsområdet som opplevings- og rekreasjonsressurs, vil det vere tenleg å dele inn hovudområda i einskaplege delområde.

Delområda tek utgangspunkt i ei romleg avgrensing og fungerer på eit landskapsmessig skalanivå som samsvarer med landskapsformer og arealstorleik som folk orienterar seg etter og opplever når dei ferdast gjennom landskapet. Grunnlaget for å arbeide med einskaplege delområde i landskapssamanheng er metodisk basert på Oterholm og Feste (1973).

Saman med romleg avgrensing vil skala / topografi, hovudtrekk i naturmiljøet og arealbruk vere viktige kriteriar for avgrensing av einskaplege delområde. Det er i alt skildra 54 delområde.

Alle delområda har ein indre samanheng, ein framtrèdande landskapskarakter som er mogleg å identifisere og skildre. I mange tilfelle vil det ut frå skalaforhold og topografi ikkje vere mogleg å få overblikk over heile rommet medan ein er ute i terrenget. Ein vil likevel kunne oppfatte og forstå overgangar når ein rører seg frå eit rom, eller einskapleg

delområde, til ein anna. Nokre stader er overgangane tydeleg markert i landskapet, t.d. ved område 15.

Vurderingane av delområda sin landskapskarakter bygger på fylgjande kriteria:

- **Heilskap eller samsvar.** Dette vil vere eit samlande uttrykk for i kva grad dei ulike landskapskomponentane dannar ein harmonisk samanheng. Dette omfattar og kontinuitet over tid i bruk av landskapet.
- **Variasjon eller mangfald.** Uttrykker omfanget av element og uttrykk i landskapsbiletet. Stor variasjon vil vere opplevingsmessig positivt dersom dei vert oppfatta å ha ein indre samanheng, ein visuell og økologisk orden.
- **Intensitet eller inntryksstyrke.** Kontrastverknader i landskapet, einskilde natur- eller kulturelement som utmerkar seg på ein positiv måte. Særskilde klimatiske tilhøve vil og kunne gje stor inntryksstyrke.
- **Urørtheit.** Oppleving av stille, ro og urørt natur vil ha ein viktig funksjon i eit landskap.

Einskaplege delområde er skildra i kapittel 4.

2.3. Innsamling av data.

Hovudmålet med prosjektet er å gjennomføre ei landskapskartlegging med vekt på visuelle forhold. Skildringar og vurderingar i denne rapporten er difor i hovudsak basert på synfaringar og visuelle observasjonar.

Området vart synfart frå landsida i perioden 15. – 18. november 2004. Supplerande synfaring med båt vart gjennomført 19. januar 2005. Ein oppfylgjande synfaring vart føreteke med bil den 19. august 2005. Vurderingane som er føreteke på bakgrunn av eigne visuelle registreringar, er supplert med skråfotoseriar tekne frå fly om sommaren av Kvinnherad kommune. Biletseriane dekkjer berre delar av områda; strandsona frå Selvågåsen til grense mot Kvam herad, og strandsonene på Varaldsøy frå Varakjelen, sørover til Skjelnesodden og vest til Sandvika.


Vurdering av områdegrensar og delområde er gjort med støtte i kart M-711, målestokk 1:50000, kartblad 1215 II, Varaldsøya, 1215 III Fusa, 1214 I Rosendal og 1214 IV Husnes. Vidare er det nytta kartunderlag i målestokk 1:10000 med fordeling av skogvegetasjon, jordbruksmark, busetnad, vegar og anna infrastruktur. Norges geologiske undersøkelser sitt kart over kisdistriktet Varaldsøy – Ølve, utgjeve i 1955, har og gjeve nyttig informasjon.

Andre relevante opplysningar er henta frå kartbasar (landskapskartlegging, geologi, faste kulturminne), bygdebøker, landbruksplan for Kvinnherad kommune, utgreiing om naturtypar og tidlegare generalplan for Kvinnherad kommune (1983 – 94).

3. Overordna omtale av utgreiingsområdet

3.1. Lokalisering og generell omtale.

Utgreiingsområdet omfattar dei tre nordvestlege sokna i Kvinnherad kommune. Ølveog Hatlestrand ligg på fastlandet og er knytt saman med Fusa kommune. Kommunegrensa fylgjer eit større, samanhengande skog- og heiområde. Det er ikkje busetnad tett inn mot grensa. To vegstrekningar knyter Kvinnherad og Fusa saman i dette området, men opplevingsmessig framstår kommunane som klårt skild frå kvarandre.



Figur 1. Oversiktskart over Kvinnherad kommune. Eit variert landskap mellom fjord og bre. Det aktuelle utgreiingsområdet ligg nord-vest i kommunen og har lågare terrengprofil og større samanhengande barskogområde enn andre stader i kommunen.

Varaldsøy har ein heilt annan landskapsmessig karakter; Øya ligg som ein kile midt i Hardangerfjorden og delar fjorden i to laup. Øya har ein regelmessig form med høgder opp til 600 moh.

Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy er knytt saman med veg og ferjesamband med

utgangspunkt i Gjermundshamn. Ferjesambandet Gjermundshamn, Varaldsøy, Løfallstrand har regelmessige avgangar og knyt utgreiingsområdet til resten av kommunen. Med tunnel- og vegsambandet til Odda og vidare mot Røldal, ligg området på ein mykje nytta trafikkakse mellom Oslo og Bergen.

Utgreiingsområdet har høvesvis spreidd busetnad og lågt folketal. I Ølve og Hatlestrand er det omlag 450 fastbuande i kvart sokn, medan Varaldsøy har vel 300 innbuarar. Gjermundshamn er største tettstaden, med eit variert næringsliv. Det er eit større tal hytter i området. Kort reisetid til Bergen gjer fritidseigedommar attraktive. I tillegg til private hytter er det mange utleigeiningar.

Det er i underkant av 70 landbrukseigedommar i sjølvstendig drift i utgreiingsområdet samla sett. Husdyrhald med mjølkeproduksjon, i kombinasjon med noko skogsdrift dominerar. Det er og noko småfehald. Skogbruket omfattar ca 37 000 da produktiv skog.

3.2. Landskapsklassifisering.

3.2.1.Landskapsregion.

I fylgje NIJOS sin nasjonale klassifiseringssystem for landskap, høyrer utgreiingsområdet til landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Grense mot Landskapsregion 21, Ytre fjordbygder på Vestlandet følger stort sett kommunegrensa mot Fusa.

REGION 22. MIDTRE BYGDER PÅ VESTLANDET (utdrag frå NIJOS-rapport 2/98).

Dette er en stor og innholdsrik region som strekker seg fra Gjesdal i Rogaland til Tingvoll på Nordmøre. Regionen utgjør i grove trekk et belte mellom fjordmunningene og fjellregionen. Mellomliggende fjellområder som har liten utstrekning regnes til regionen.

Naturforhold

I en region som strekker seg i sin fulle lengde gjennom samtlige fire vestlandsfylker må det naturligvis bli store naturforskjeller. De særligste rogalandsfjordene med sine overveldende landformer. Dype hogg i det snau pre-kambriske penep Janet som danner fjellet her, granitten er til å ta og føle på. Bergartene er lyse, det finnes nesten ikke løsmasser, hvor skulle de ligge?

Ryfylke og mye av Hordaland preges av skyvedekker og kambrosilurbergarter. Landformen er mye mer oppbrutt, fjorder og daler uoversiktlige, ofte trange, men frodige. Vitringsjord og næringsrik morenejord (skifermorene) forekommer mye.

Enkelte steder krysser smale bånd med omdannede sedimentære og vulkanske bergarter fjordene. Her er det særlig frodig. Fjellet preges av blokkmarker.

Vassdragene i regionen er korte og bratte, men med etter måten stor vannføring på grunn av den høye nedbøren. Innsjøer har preg av å være fjordsjøer, også botnsjøer forekommer noe høyere i terrenget. Jevnt over bjørkelier i daler og langs fjorder, der det er næringsrik jord er vegetasjonen artsrik med edelløvtrær på lune steder.

Arealbruk

Tyngden av vestlandsjordbruket ligger i denne regionen. Det er mye bratte bruk, men jorda er

dyp og fruktbar, og vekstsesongen starter tidlig. Gårdene er noe større enn vanlig når det gjelder innmark. Til gårdene hører gode fjellbeiter og flere setrer er i drift, det har også enkelte steder blitt dyrket i fjellet i nyere tid. Allsidig husdyrhold der melkeproduksjon dominerer. Noe fruktdyrking finnes i Ryfylke og ytre Hardanger. Skogreising med planting av gran har hatt stort omfang. Mye av planting har foregått i smale felt oppetter de bratte dalsidene. Mindre industristeder finnes over hele området.

Bebyggelse og andre kulturspor

Fornminneområder, og spor etter drifts- og dyrkningsformer gjennom ulike epoker er typiske innslag, f.eks. rydningsrøyser og åkerterrasser, steingarder, reliktområder med klyngetun, slåttelier. Gråsteinsmurte tufter og gavler i hus og driftsbygninger er karakteristisk for flere av de sørligste distriktene. Vestlandshusene har tradisjonelt sperretak og liggende kledning på plank-laft (eldre bygninger) eller reisverk. Ny gårdsbebyggelse blir ofte lagt utenfor de gamle gårdstun. Bygging av boliger skjer i gårdsmarka rundt, der det ikke er fulldyrket. Noen få seterhus ligger som regel samlet, men setrer med mange sel forekommer i overgangen mellom skogen og fjellet.

Etterhvert har mange mange av setrene fått veiutløsning.

Tettsteder finnes ytterst i dalmunningene der disse møter fjorden, mye av den nyere bebyggelsen ligger på fyllinger. Bygging av nye veier har flere steder dimensjoner som inngrep med til dels store visuelle konsekvenser.


Landskapsinntrykk

Over store deler en grøderik region, men med særdeles sterke unntak. Høy nedbør. Mye veldrevet jordbrukslandskap langs såvel åpent fjordlandskap som avsondrete daler.

3.2.2. Landskapstypar i strandsona

NIJOS har og på oppdrag frå Hordaland Fylkeskommune føreteke ei klassifisering av strandsonene i fylket. I utgreiingsområdet er det tre landskapstyper representert (Sjå elles figur 2.):

- *Småfjord- og storsundlandskap* (Ølvesvika og indre delar av Lukksundet).
- *Brede fjordløp og åpne fjordarmer* (Håvika, Strekninga Grytneset til nord for Gjermundshamn, samt aust- og nordsida av Varaldsøy).
- *Middels brede fjordløp* (Ytre del av Lukksundet, Øynefjorden mellom Varaldsøy og fastlandet).



Figur 2: Kart landskapstypar i strandsona, utarbeidd av NIJOS. Henta frå Hordaland Fylkeskommune, <http://www.hordaland-f.kommune.no/planogmiljo/arealplan/Indsk.html>


3.3. Geologiske hovudtrekk

I fylgje berggrunnskart utarbeidd av Norges Geologiske Undersøkelse (figur 3) er begrunnen dominert av eit samanhengande belte med grønstein og grønsteinskifer som strekkjer seg over både Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy. Dette er høvesvis harde bergarter og fell i stor grad saman med områda med samanhengande barskogvegetasjon. I høgare parti er denne vegetasjonen sparsam med mykje innslag av lyngmark og snaue berg.

I søraustlege område ved Fuglebergåsen, Hatlestrand og eit belte mellom Bygdavågen og Djupeviki, nord for Åkre på Varaldsøy finn ein fleire større felt med fyllitt. Dette gjev god næringstilgang. Dette fell saman med viktige jordbruksgrender i utgreiingsområdet. I Ølve, der ein finn dei største gardane, er jordsmonnet bygd opp av havsediment. Fyllittførekomstane strekkjer seg og i eit samanhengande belte frå Håvikvatnet, gjennom Fusa og over til nordvestlege parti av Varaldsøy ved Øyarhamn og Øyarhamnsvatnet. Her finn ein mellom anna bestand av edellauskog.

Smale bånd med kalksteinsførekomstar dukker opp på særskilde stader. Kalkgrunn gir grunnlag for ein spesiell og rik vegetasjon, ofte med sjeldsynte artar. Kalkgrunn finn ein mellom anna ved Ulvanes og i eit samanhengande band frå Skjelnesodden og nordaust forbi Gjuvsland og Vardheiane på Varaldsøy.

Elles er heile utgreiingsområdet kjend for ei rekkje mineralførekomstar, eldre steinbrot og gruver. Det er funne både jernmalm, kobberkis og svovelkis. Dei største førekomstane finn ein aust for Kvitebergsvatnet og kring Langedalen i Ølve, samt nordaust på Varaldsøy. Dette er i dag kulturminne med stor lokalhistorisk verdi.



Figur 3. Geologisk berggrunnskart frå NGU. Mørk grøn: Glimmerskifer og fyllitt. Lys brun: Grønskifer med innslag av fyllitt. Blå: kalkstein, marmor, mørk brun: Gabbro, djupbergarter

3.4. Overordna karaktertrekk ved landskapet.

For å gje ei meir utfyllande skildring av samanhengane mellom dei ulike delområda som det er gjort greie for i kapittel 4, vert det og gjeve ei overordna skildring av samanhengande karaktertrekk ved landskapet i heile utgreiingsområdet. Ut frå landskapssituasjonen er det funne riktig å omtale Ølve/Hatlestrand samla og Varaldsøy som eit eige område.

3.4.1.Ølve - Hatlestrand

Skala og landformer

Området er i stor grad eit småskala landskap med mindre daldrag og sprekkesoner i kryssande retningar. Indre (nordvestlege) delar av området er dominert av høgareliggjande åser og koller opp mot omlag 350 moh. Ein finn og høgdedrag og toppar nær sjøen. Dette gjev ofte eit dramatisk relieff av stor inntrykkstyrke. Fleire plassar stuper fjellet rett ned i sjøen. Det er få markerte daldrag av noko omfang i området. Dei mest markerte er frå Hyttevågen inn forbi Kvitebergsvatnet og frå Hamarhaug og inn til Håvikvatnet. Elles er det ei rekkje parallelle sprekkesoner i fjellet. Den mest spektakulære er sambandet mellom Husa og Sundfjord i Fusa. Elles har desse sonene vore viktige frå tidlegaste tider for å markere territorium. Soknegrensa mellom Ølve og Hatlestrand fylgjer si slik sone, nordvestover frå nordenden av Kvitebergsvatnet.

Det er relativt få øyer og holmar langs strendene. Dei største øyane ligg vest for Ølveshovda, medan ytre del av Lukksundet har eit meir skjergardspreg.

Naturmiljø.

Vegetasjonsbiletet i området er dominert av barskog, med naturleg furu og større og mindre felt med planta gran. I sørvende lier og sprekkesonar er det ei rekkje førekomstar av edellauvskog, hovudsakleg eik, ask og lind. Ein finn og innslag av kristtorn og barlind. Det er tre større vatn i området. Alle er uregelmessige i forma, med fleire bukter, vikar og sund. Det er eit større barskogreservat i dei nordaustre åsane mot Fusa, eit edellauvskogsreservat, eit våtmarksreservat og eit landskapsvernområde i Ølve og Hatlestrand.

Arealbruk .

Tyngda av jordbruk er konsentrert kring kyrkjegrendene i Ølve og i Hatlestrand. Einskilde mindre grender har og eit vesentleg innslag av jordbruk. Men det er eit gjennomgåande inntrykk at omfanget av beiting er kraftig redusert i utmark. Landskapet er i gjengroing. Eit unnatak som ein legg merke til om ein ferdast langs hovudvegen, er beitebakkane mellom vegen og stranda på vestsida av Håvika. Det er 130 landbrukseigedommar i området, av dei er omlag 45 i sjølvstendig drift. Vel 30 driv med mjølkeproduksjon (kyr).

Når det gjeld skog er det rekna til å vere omlag 35 000 da drivverdig skog i Ølve og Hatlestrand. Det er bygd fleire større skogsvegar gjennom utmarka for uttak av tømmer. Desse vert og nytta til rekreasjonsføremål og gjev lett tilkomst til høgdedrag og utsiktstoppar i landskapet.


Busetnad utanom gardsbruk er i stor grad spreidd langs hovudvegane. Største tettstader er Gjermundshamn og Husa. Her finn ein og eit variert næringsliv og servicetilbod. Området er attraktivt for hyttebygging, det er kort reiseavstand til Bergen. Større hyttekonsentrasjonar finn ein i Håvika og langs dei sjøvende berga nord for Hamarhaug. Det er og hytteanlegg i Hyttevågen og langs strendene frå Nettlandsvågen og nordover forbi Gjermundshamn.

Det er lokalisert fleire oppdrettsanlegg i sjøen langs heile strandsona.

Kulturspor

Det er eit stort tilfang av registrerte gravrøyser og kleberbrot. Dei fleste er lokalisert kring ytre delar av Husavågen og dei ytre områda nordover til Gjermundshamn. Gruvedrift

etter mineralførekomst har det vore mykje av og eit særtrekk ved området. Anlegga går under namnet Christiansgaves kobberverk og gjeld alle anlegg i Ølve og Hatlestrand. Dei største samlingane gruver ligg i i daldraget nordover fra Husa i Ølve og langs austsida av Kvitebergvatnet. Av nyare kulturminne er det fleire verdifulle bygningsmiljø og kulturlandskap. Langs sjøen finn ein godt bevarte naustmiljø av stor verdi for å synleggjere kontinuitet og tradisjonar i byggeskikk og bruk av sjøen.



Figur 4. Kopi av geologisk kart over kisdistriktet Varaldsøy – Ølve. Vedlegg til Rapport nr 147 frå NGU, 1955. Kisgruver er markert med raud prikk, steinbrot (kleberstein) er markert med blå. Jernmalmgruver med svart prikk. Gullverk med oransje prikk. (Nye symboler for å gjøre informasjonen tydelig i denne presentasjonen).

Landskapsbilette

Området kan grovt sett delas inn i tre kategoriar landskap; Dei store samanhengande skog og fjellområda, konsentrasjonar av busetnad og jordbruksmark, og strandsonene med stor variasjonsriksdom når det gjeld utforming og tilhøve for tilkomst. Tre markerte innbuktingar i strandsona skapar ytterlegare variasjonar og grunnlag for eit opplevingsrikt rekreasjonslandskap. Det er Husavågen/ Ølvesvika, Håvika og Lukksundet (som rett nok er eit sund og ikkje ei vik). Fleire markerte toppar og kolleformer er viktige orienteringspunkt i landskapet, t.d. Ølveshovda, Stussvikhovda og Hatlesteinen. Elles har begge kyrkjebygdene noko storslagent over seg, med godt utsyn og eit levande kulturlandskap.

3.4.2. Varaldsøy

Skala og landformer

Varaldsøy har ein regelmessig form med bratte skrentar som stuper i sjøen på aust- og vestsida, slakare stigning inn mot fjellplatå og høgdedrag frå nord og sør. Høgaste toppen er på 600 moh. I sør framstår Skjelnesodden som eit landskapsmessig "vedheng" til resten av området. Odde med sin låge profil, stikk langt ut i fjordbassenget og har ein vesentleg verdi for heile dette fjordområdet sin karakter. Eit anna karakteristisk trekk ved landskapet er den markerte, gjennomgåande kløfta som strekkjer

seg nord-sør gjennom dei høgaste partia, langs midtaksen av øya. Sild er ei mindre øy som høyrer til Varaldsøy. Den ligg midt i skipsleia og er difor sentral i landskapet.

Naturmiljø

Hovudintrykket av Varaldsøy er at det er skogkledd. Furu dominerar i dei øvre og mest eksponerte partia, medan grana finn ein i lunare skråningar og lågareliggjande område mot sør. Også her på øya er innslaget av edellauvskog med eik, ask, lind og hassel betydeleg. Varaldsøy er kjend for sine store bestand av barlind, mellom anna Norges største tre med stammeomkrins på over 5 meter. Denne ligg midt inne på øya. Gjuvslandsliene er eit landskapsvernområde med gamle slåttengar av sær lang kontinuitet og rikt biologisk mangfald. Det er og etablert eit edellauvskogsreservat i dei bratte liene mellom Åkra og Haukanes.

Arealbruk

Landbruket på Varaldsøy består av 53 landbrukseigedommar, 22 er i drift og 11 av dei har mjølkeproduksjon (kvote). Det er 2300 da jordbruksareal og 11500 da produktiv skog. Busetnaden på Varaldsøy er i stor grad konsentret i kyrkjegrenda, ved Bygdavågen. Her er kai for ferjetrafikk og butikk. Skule og barnehage, eldrebustader og samfunnshus er det og her. Busetnaden elles er knytt opp til gardsbruka som ligg spreidd i sørlege delane av øya. Gjuvsland og Fjellgardane er dei viktigaste jordbruksområda. Einaste busetnadsområdet på nordsida av øya er Øyarhamn. Dette var tidlegare ein sentral plass i fjorden. I dag er det eit større oppalsanlegg for smolt på land. Ei rekkje oppdrettsanlegg er lokalisert i sjø rundt heile øya.

Kulturspor

På Skjelnesodden og andre stader i nærleiken er det gjort funn av eldre gravrøyser og gravhauger. Elles er det eit framtrekande innslag av godt bevarte kulturlandskapsmiljø som syner lange røter tilbake i tida. Ein finn det både på vestsida, utover mot Sandvika og mellom Gjuvsland og Åkra. Som nemnt er Gjuvslandslia verna som kulturlandskap med nasjonal verdi. Også Varaldshøy har ein interessant historie når det gjeld gruvedrift og steinbrot. Nord for Vetten og Brotalifjellet finn ein større gruveanlegg for kisproduksjon. Anlegget var i drift i andre halvdel av 1800-talet.

Landskapsbilete

Også her er det same inndelinga av landskapskategoriar som på fastlandet. Store samanhengande skog- og fjellparti dominerar det meste av landskapet. Busetnad og jordbruksmark finn ein i mindre klynger og grender i dei sørvende liene og strandsona har heilt eigne kvalitetar, både naturmessig og opplevingsmessig. Øya si form gjer den kompakt og lett fattbar som landskapsform. Den utstikkande Skjelnesodden skaper variasjon i dette biletet, saman med øya Sild som og er eit viktig landskapselement. Tydelege landemerke finn ein ikkje, men dei høgaste fjellpartia kring Øyefjellet, og dei bratte fjellsidene som stupar ned i sjøen, har stor inntrykkstyrke.



Figur 5. Kart frå Direktoratet for Naturforvaltning si naturbase. Syner fordelinga av verna naturområde i Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy.

3.5. Havbruksanlegg i sjø og tilgjengelege strandsoner

I ytre delar av Hardangerfjorden er det mange lokalitetar for havbruksanlegg. Dei fleste anlegga er plassert nær land, i lune vikar og på skjerma stader. Havbruksanlegg er ein del av næringsgrunnlaget i eit levande kystsamfunn og må difor og akseptert i landskapet. I ein situasjon der sjøtilknytt reiseliv, rekreasjon og opplevingsturisme er ein viktig del av framtidssatsinga, må det og kunne føretakast vurderingar av omsyn til landskapsbilete og opplevingsverdiar ved lokalisering av anlegg.

Lokalisering av anlegg i sjø vil som regel vere synlege og påverke eit langt større område enn på land, dersom ein og tek inn i vurderingane verknader for fritidsbåtlivet. I særskild grad bør ein vere varsam med innløp til sund, ubygde område med tilgjengelege strender og vikar eigna for bading og ilandstiging frå fritidsbåtar, samt i nærområde til viktige kulturmiljø og attraktive kulturlandskap. Eksisterande konsesjonar er kartfesta.

Kvinnherad kommune har tidlegare kartlagt tilgjengelege strandsoner i utgreiingsområdet.

4. Omtale av einskaplege delområde.

4.1. Kvifor inndeling i einskaplege delområde?

Hovudintensjonen er å identifisere område som har eit einskapleg visuelt landskapsuttrykk. Inndelinga er basert på ei vurdering der framtrедande landskapskarakter er lagt til grunn.

Det kan vere arealbruk, naturmiljø, terrengform eller tydelig romleg avgrensing. Visuelt vurdert vil eit tiltak inne i eit delområde i mange tilfelle lettare kunne tilpassast omgjevnader og ikkje verte skjemma eller dominerande, enn om det vert plassert i overgangen mellom to delområde eller landskapstypar. Ved planlegging av tiltak bør ein difor vere merksam på dei overgangssonene som oppstår mellom område av ulik karakter. Kartet som syner inndelinga i delområde kan difor vere retningsgjevande for vurdering av lokalisering av tiltak.

4.2. Presentasjon av 54 delområde.

Ølve - Hatlestrand

1 Stussvikhovda


Stussvikhovda er ein lett synleg, regelmessig og avrunda fjellform som markerar kommunegrensa mot Fusa i nord og mot Lukksundet med Tysnes kommune i vest. Området er i stor grad skogkledd, dominert av barskog med furu. Innslag av lauvskog myker opp landskapet og ein finn edellauvskog på dei gunstigaste lokalitetane mot sør og vest. Riksveg 49 går i tunnel gjennom området og bind saman Tysnes og Kvinnherad. Delområdet får dermed og ein portalverknad for dei som reiser denne vegen. Stussvikhovda er godt synleg frå hytte og bustadområda ved Hamarhaugen. Ein større kraftleidningstrase kryssar heilt sør i området og over Lukksundet i aust-vestleg retning.



Figur 6. Stussvikhovda som landemerke midt i bildet.

2 Stussvik

Området omfattar den vesle grenda Stussvik med småbruk og innmark plassert i smale, bratte kløfter ned mot fjorden, klemt inn mellom avrunda lauvtrekledd knausar. Dette er særleg karakteristisk i den nordlege del av området, medan dei sørlege delane er prega av nyare hytte- og naustbygningar. Området ligg godt skjerma mot sør-vest og bygningsmiljøa er i stor grad godt tilpassa landskapet. Eit frodig vegetasjonsmiljø med storvokste edellauvskogstre skjermar ytterlegare i nordre delar. I austre delar av området, inn mot Rv 49, over dei bratte og delvis snau bergskrentane mot sjøen, er det plassert fleire bustadhus. Sett frå sjøen er desse godt neddempa og lite synlege landskapsmessig.



Figur 7. Oversiktskart over inndeling i 54 einskaplege delområde. Det er lagt fargenyansar på høgdekotene for å få fram terrengformene. Mørkast farge er høgastliggjande område.

3 Krokane

Dette området er lokalisert kring dei flate og dyrkbare slettene ved Kroatjørna og langs Stussvikelva. I sør vert området avgrensa av den tydelege profilen på Svartaberget og mot nord vert området avsmala mellom knauser og lågare fjellformasjonar i nord-sørleg retning, langsmed Rv 49. Området er dominert av landbruk og gardsbusetnad. Landskapsmessig er dette eit viktig landbruksområde, sidan dei oppdyrka flatene representerar ein visuell kontrast til det naturprega og skogkledde småskalalandskapet omkring.

4 Teigane

Sett frå Rv 49 har området eit roleg naturpreg med større, samanhengande myrflater og glissen, småvokst furuskog på næringsfattig grunn. Slik sett utgjer dette området ein interessant kontrast til dei fleste andre delområda som enten har ein meir markert topografi, frodigare naturpreg eller med busetnad og landbruk. Strandlinja i nordre delar av området er generelt lite tilgjengeleg. I sørlege delar av området vert strandsona meir variert og med fleire fine og attraktive vikar ved Mekjesholmen og Mekjesneset. Her er det registrert fleire urørte strender eigna til bading. Det er nokre få bustadhus plassert i god avstand frå strendene. Ein eigedom midt i området har under utvikling eit større hyttefelt. Dette feltet vil i aukande grad prege landskapsområdet, både frå sjøen og frå vegsida.



Figur 8 . Nyare hytter i Teigane sett frå sjøen.

5 Hamarhaugneset

Hamarhaugen er ein framstikkande terrengform mot det opnare fjordpartiet ved Onarheimsfjorden og Kvinnheradsfjorden. Området har eit intakt naturpreg og er fritt for naust og andre bygningar som kan avgrense ålmenta sin tilgang til strandsona. Ei lun og sørvend vik har gode strandtilhøve i botnen, medan ein større strandstrekning er tilgjengeleg inn mot Hamarhaugvika. Vegetasjonen i området har ein open karakter. Nokre myrdrag i nordlege delar.

6 Hamarhaug

Delområdet er dominert av landbruksareal med god dyrkingsjord i det nord-sørgåande partiet i forlenginga av Hamarhaugvika. Her ligg fleire gardsbruk som framleis er i drift. Landskapet har difor eit ope og roleg preg. Rv 49 snor seg gjennom området. Det går sidevegar både ned til sjøen og inn til Håvikvatnet. Det er stor skilnad mellom jordbruksområda som ligg godt skjerma mellom fjellknauser med trevegetasjon, og strandsona mot Lukksundet. Innafor Gjerheimsholmane er det veg ned til sjøen med eit lite og tradisjonelt tilpassa bygningsmiljø med sjøhus, kai og naust. I same vika ligg det nokre spreidde hus langs stranda, godt tilpassa landskapet. Gjerheimsholmane er naturområde utan bygningar eller andre inngrep. Ein finn spreidde våtmarks – og myrområde både sør mot Hamarhaugneset og aust for riksvegen. Aust for vegen er våtmarksområdet knytt opp til eit ope



Figur 9.Utsyn frå vegen mot aust med våtmarksområde Sjuråsen avteiknar seg med ein tydeleg kolleform.

bekkelaup med sivvegetasjon. Dette har stor verdi for både biologisk mangfald og er viktig for variasjonsrikdommen i landskapsbiletet. Det er registrert gravrøyser og eit felt med helleristningar på g.nr. 157. Helleristningane er lokalisert på oppsida av riksvegen, i svingen mot Håvika, ved hyttefeltet.

7 Håvika

Langs heile strandsona i Ølve – Hatlestrand området er det to markerte, større viker. Den eine er Håvika. Landskapet er her regelmessig og oversiktleg utforma kring ein open vik med avrunda strandlinje i botnen. Riksvegen følgjer strandlinja kring det meste av vika. I vest stig vegen opp frå stranda og gjev plass for eit større hyttefelt mellom vegen og sjøen. På vestsida av vika er det og ned mot sjøen interessante kulturlandskapsområde som vert regelmessig beita. Austsida er prega av spreidd hyttebygging, men hyttene er i stor grad godt tilpassa terrenget og bryt ikkje naturlege visuelle linjedrag i landskapet. Inst i vika ligg garden Håvik og skapar forankring til historisk og tradisjonell kombinasjon mellom jordbruk, skogbruk og fiske i fjorden. Den markerte Håvikegga er godt synleg som landskapsform.



Figur 10 . Naust og beite ved Ysteli.

8 Håvikvatnet

Håvikvatnet er eit av tre store vatn i dei indre skogkledte åsane i Ølve og Hatlestrand. Landskapet er lite prega av større byggeaktivitet og tekniske anlegg, med unnatak av nord-vestre del av området der Rv 49 passerar langs kanten av vatnet og ei større kraflinje kryssar området. Elles er det vegtilkomst til Håvikvatnet frå Hamarhaug, vest for Sjuråsen. Aust for vatnet er landskapet kollete og området vert avgrensa av Håvikegga. Vest for vatnet er terrenget rolegare og med større innslag av myrdrag. Det er ikkje registrert merka turstiar i området, men Håvikvatnet og områda omkring har stor rekreasjonsverdi lokalt.

9 Eggjane

Landskapsområdet utgjer eit høgareliggjande åsparti med tydeleg avgrensing ved Håvikegga i vest og det markerte daldraget der vegen mellom Husa i Ølve og Sunnfjord i Fusa går. Høgste toppen er Snauegga på 285 m.o.h. Området er i stor grad skogkledd i veksling mellom furu og lauvskog. Det er ikkje merka stiar i området.

10 Terøya – Nordøya

Dette er dei einaste øyane i Ølve – Hatlestrandsområdet som er store nok til å kunne klassifiserast som eige delområde. Øyane skil seg markert frå kvarande, både i utforming og grad av kulturpåverknad. Nordøya er forma som ein rygg med eit høgaste punkt som terrenget stig regelmessig opp mot frå alle sider. Terøya er meir samansett med fleire mindre høgdar og ei markert, lun vik på innsida. Her har det vore busetnad lang tid tilbake og heile øya framstår som eit



Figur 11. Terøya med busetnad og kulturlandskap sett frå sundet mot fastlandet.

tradisjonsrikt kulturlandskap. Det er registrert 2 gravrøyser på Terøya. Begge øyane er registret med eigne gardsnummer, og det står godt vedlikehalde bygningar på begge øyane. Rekreasjons- og opplevingsmessig er dette viktige landskapsområde. Ikkje minst har sundet mellom Terøya og Ølveshovda stor verdi med nestan urørt strandsone med gode høve til å leggje til. Det er plassert eit oppdrettsanlegg nor-vest for Nordøya og det er konsesjon for eit skjellanlegg på austsida av same øya.

11 Terøysundet

Dette området omfattar fastlandsdelen av sundet mellom Terøya og den markerte Ølveshovda. Området er naturleg avgrensa mot sjøen i vest og mot markerte skrentar og stupkanter opp mot sjøve Ølveshovda. Området er vanskeleg tilgjengeleg frå landsida. Strandlinja er urørt og består for det meste av grov rund stein og oppstikkande svaberg. Vegetasjonen er dominert av furuskog med eit lauvskogsbelte mot strendene. Området har truleg vore nytta til jordbruksføremål tidlegare, men det er ikkje spor etter dette, sett frå sjøen. Området har særleg høg rekreasjonsverdi.



Figur 12. Den frodige og urørte strandsona i Terøysundet er attraktiv for friluftsliv.

12 Ølveshovda

Ølveshovda er eit landemerke i det store opne landskaprommet som omkransar Kvinnheradfjorden. Forma er regelmessig stigande opp mot høgaste toppen på 252 m.o.h. Mot nord går toppen over i ein lågare rygg som stupar bratt ned i sjøen mot Håvika. Det meste av åsen er skogkledd, med furu som dominerande treslag. Det er merka tursti opp til toppen frå Ølve kyrkje. På austsida av Ølveshovda er det plassert eit oppdrettsanlegg. Heile strandsona er urørt av bygningar og andre inngrep, med fleire tilgjengelege strender. Langs sørsida av Ølveshovda er det lokalisert fleire gravrøyser.

13 Ølve

Ølve er eit jordbrukscenter i denne delen av kommunen og framstår som ei vid jordbruksbygd med velkjøtta gardar i aktiv drift. Mykje areal er fulldyrka eng og det er omfattande mjølkeproduksjon. Det opne og oppdyrka landskapet gjev lange utsyn og framstår med eit særpreg ulikt dei fleste andre landskapsområda i Ølve og Hatlestrand. Kyrkja er eit sentralt landemerke i området og ligg i overgangen mellom det øvre landskapsområdet der gardane ligg spreidd i eit oppe slettelandskap, og området som er vendt mot Husavågen og Ølvesvika. Desse eigedomane og gardane er orientert mot sjøen, med eigedomsgrensar som ligg parallelt på tvers av hellingsretningen ned mot stranda. I området er det nokre fritidseigedomar og fleire bustadhus. Dei fleste bustadhusa ligg inn mot riksvegen og danner ein form for open gatestruktur med hus vekselvis på høgre og venstre side.



Figur 13. Kyrkjebygda Ølve med oppe og velstelt jordbrukslandskap. Den kvitmåla kyrkja er nesten ikkje synleg i vinterbiletet.

14 Husa

Området ligg inn i Ølvesvika og er eit lokalt knutepunkt med butikk, kai, skule, eldresenter og andre servicetilbod. Det er og eit større bustadfelt og ulike næringsverksemdar i området. Det er ein tydeleg gatestruktur med bustadhus frå tidleg 1900-talet langs delar av riksvegen. Landskapsmessig er området avgrensa av dei relativt slake åsane som ligg mot vest og nord. Heile området er vendt mot sjøen og Ølvesvika. Ein større industriverksemd (skipsverft) ligg i overgangen mot Hyttevågen. Området bør kunne styrke den bebygde strukturen som lokalt sentrumsområde.



Figur 14. Gatebiletet frå sentrum av Husa. Slike bygningsmiljø har stor identitets- og opplevingsverdi i eit elles spreidd bygd landskap.

15 Dale

I rett linje nord frå Ølvesvika er det ei sprekkeseone i berggrunnen som fører over mot Sundfjord i Fusa. Eit parti av dette området utgjer ei jordbruksgrind med små gardar og slake, oppdyrka bakkar. Jordbruket i området er på retur og ber lite preg av nyare satsingar. Det går eit skarpt skilje mellom innmark og skogkledde liar som er med å gje ei tydeleg avgrensing av landskapsrommet. Busetnaden er knytt til gardsbruka, men med einskilde nyare bustadhus på frådelte tomter. I overgangen mot Husa snevrast landskapet inn til ein trong passasje der elva vert eit markert landskapselement. Av omsyn til landskapet og opplevingsverdiar vil det vere viktig å hindre gjengroing av innmarksareal. I området finnes eldre svovel- og kobberkisgruver.



Figur 15. Garden Roaldstveit sett frå nord, langs vegen frå Sundfjord i Fusa.

16 Hyttevågen

Området utgjer ein indre våg med eit avsnevra utløp til Ølvesvika. Området er prega av næringsverksemd frå ulike tidsepokar. Eldre kraftstasjon i elva frå Kvitebergsvatnet, gamalt gullverk(!), og nyare sjøtilknytt næringsverksemd, mellom anna eit oppdrettsanlegg (smoltanlegg). Langs nordsida er nokre spreidde bustadhus, på sørsida har det vore ein viss hyttebygging. Landskapsmessig vil området kunne tole ytterlegare byggeaktivitet, men det er viktig å kunne ivareta allmenn tilkomst til strandlinja.



Figur 16. Hyttevågen mot sørvest. Ølveshovda i bakgrunnen.

17 Troppa – Korshamn

Dette området vendar seg i stor grad mot sjøen på austsida av Ølvesvika. Naturmessig er det småkollete med veksling mellom barskog langs høgdedraga og frodig lauvskog i lågareliggjande kløfter. Svartavatnet er eit markert og langsmalt vatn som ligg skjult frå sjøen mellom avrunda, skogkledde ryggar. I tillegg finnst mindre tjern og myrdrag i området som bidrar til landskapsmessig variasjonsrikdom. Ein veg fylgjer landskapets hovudretningar mot sør-vest fram til gardsbruka på Troppa. Gardstun og innmark ligg vestvendt, eksponert mot jordbruksområda og vegen på motsett side av vika. Ein sideveg er bygd nordover til hytteområdet ved Storeholsund. Dette hyttefeltet ligg eksponert mot Ølve sentrum. Strandsona er stadvis vanskeleg tilgjengeleg med bratte svaberg. Ei lita vik med strand er registrert nord-aust i området. I hovudsak er området landskapsmessig eigna til vidare utbygging til fritidsføremål. Vekslande topografi gjer det mogleg å plassere hytter på lite eksponerte høgdedrag. Nærleik til Ølve sentrum og bygningsmiljøa på nordsida av vika gjev og større visuell kapasitet til utbygging.

18 Selvåg



Figur 17. Strandsona ved Selvåg sett frå sjøen. Området er urørt og har mange attraktive plasser til å gå i land. Til høgre Selvågåsen med det markerte Gryteneset.

Selvåg utgjer eit landskapsmessig variert og lett synleg strandområde med terrengmessige veksingar mellom markerte knausar og koller mellom mindre bukter og vikar. Selvågåsen er ein markert kolleform godt synleg frå Kvinnheradsfjorden. Saman med den noko meir dominerande Ølveshovda markerar dei inngangen til Ølvesvika på ein fin måte. Vegetasjonsbiletet er dominert av barskog, vesentleg furu på grunt jordsmonn. I sprekkesoner og kløfter er det innslag av lauvskog, dels bestand av edellauvskog som eik, lønn og ask. Strandlinja i området framstår som urørt og området er godt eigna til friluftslivsføremål. Fleire fine vikar med lett tilgjengelege strender gjer det attraktivt for fritidsbåtar. Området bør haldast fri for tekniske inngrep som vegbygging og hytter.

19 Egga – Tuftemarka

Området utgjer eit indre, samanhengande skog og utmarksparti. Eggja naturreservat ligg sentralt i området, omgjeve av skog og myrdrag. Fleire av myrane utanfor reservatet er grøfta opp. Den markerte ryggen Egga strekkjer seg i nord- austleg retning gjennom heile landskapsområdet. Austsida er i større grad dominert av myr, medan vestsida er dominert av barskog. Einaste tekniske inngrep av noko omfang er grusvegen til Ulvanes og nokre hus knytt til denne vegen. Nokre mindre tjern ligg spreidd i området. Ein markert sti går nord-sørleg gjennom heile området. Områdets naturpreg og naturreservatets sentrale plassering gjer at ein bør vere varsam med å opne for nye vegar og byggetiltak i området.

20 Ulvanes

Garden Ulvanes er eit markert landskapselement langs strandsona som ligg mot Kvinnheradsfjorden. Garden og tunet med ein større bygningsmasse ligg på eit platå omlag 20 meter over fjorden, omgjeve av eit variert og frodig kulturlandskap i god hevd. Ein finn og større bestand av edellauvskog tett inn til tunet. Langs stranda er kai, fleire naustanlegg og andre bygningar i velholdt tradisjonell stil. 4 gravrøyser er dokumentert langs stranda vest for tunet på garden. I vika aust for Ulvanes er det eit oppdrettsanlegg i sjøen. I området går det eit band av kalkrik berggrunn som gjev grunnlag for rik vegetasjon med mellom anna fleire orkideartar. I fylgje kartlegging av biologisk mangfald (Moe 2002) er det her førekomstar som elles er sjeldsynte i fylket. Området med gardstun, kulturlandskap og miljøet langs sjøen, har stor opplevingsverdi og potensial for tilrettelegging og utvikling av opplevelsesretta næring, basert på ressursane på staden. Det er viktig å ta omsyn til heilskapspreg og å halde strandlinja visuelt intakt.



Figur 18. Garden Ulvanes ligg markert plassert på eit lite platå over sjøen. Frodig edellauvskog omkransar garden. Staden har djupe historiske røter, som og vert reflektert i landskapsbiletet.

21 Korsvika

Strandsona mellom Ulvanes og Korsvika har mange kvaliteter, både når det gjeld naturmiljø, kulturmiljø og landskapsbiletet. Området er lite, men har ei naturleg avgrensing både mot Ulvanes og mot dei bratte hamrane som omkransar Korsvika. Overordna vegetasjon er bladingsskog med furu og lauvskog, mellom anna ask. Det er registrert ein lokalt viktig lokalitet av typen kalkrik strandberg i området. I Korsvika er det eit eldre, intakt miljø med naust i god stand. Området har generelt eit variert og attraktivt natur- og kulturmiljø. Ein bør vere varsam med nye tiltak og inngrep i dette området.

Figur 19. Tradisjonelle naust i eit miljø som elles er utan nyare inngrep.



22 Tufta

Delområdet utgjer eit eige grendemiljø med små bruk knytt til gardane Tufta, Bakken, Fugleberg og Stølen, plassert i eit ope kulturlandskap med slåttemark og beite. Området ligg i ei helling mot sørvest med gode lys og soltilhøve, med utsyn over Kvinnheradsfjorden. Store delar av innmarksareala ligg på fyllittgrunn som gjev gode næringstilhøve. Kulturlandskapet kring gardane er allsidig og tradisjonelt utforma med bakkemurar, steinsatte veiter, styvingstre og andre tradisjonelle element. Til saman utgjer området eit heilskapleg kulturlandskap med stor opplevingsverdi. Driftsomfanget på gardsbruka verkar likevel å vere lite i høve til å halde kulturlandskapet ved like. Det er teikn på omfattande gjengroing. Vegen til området går gjennom Hyttevågen. I tilknytning til denne vegen er det bygd fleire skogsvegar. Det er dokumentert fleire klebersteinsbrot av gammalt opphav.

Ut frå eit landskapsynspunkt er det ynskjeleg å halde landskapet vedlike gjennom beiting og slått.

23 Kvitebergsvatnet

Området omfattar eit klart avgrensa landskapsrom med det store Kvitebergvatnet som sentralt element, innramma av markerte, skogkledde åsdrag opp mot 200 moh både på aust og vestsida. Vatnet oppbrutt av fleire mindre holmar og viker som gjer det til eit attraktivt rekreasjonsområde. Riksveg 49 mellom Ølve og Hatlestrand passerar langs vestsida av vatnet. Grunna skog og kraftig oppslag av krattvegetasjon er det få stader med utsyn over vatnet. Ved Røyrane, midtveges langs vatnet, er det eit mindre gardsbruk med busetnad. Ei mindre kraftlinje er lagt over holmar og nes langs heile vatnet, og er godt synleg i landskapet. Vegetasjonen i området er samansett. I nord vest er det i den bratte, vestvende lisida eit større, samanhengande parti med edellauvskog med lite preg av nyare inngrep. Delar av området er verna som edellauvskogsresevat. I hellingene på søraustsida av vatnet, er det stort innslag av gamle steinbrot, vesentleg kleberbrot. I nord- aust finn ein og ei stor mengd gamle svovel- og kobberkisgruver. Det er bygd (privat) veg langs austsida av vatnet som passerar forbi fleire av gravene. Området har eit heilskapspreg som lett kan endrast ved nye inngrep. I særskild grad er den austlege åsen visuelt sårbar for inngrep. Kulturhistoriske spor etter omfattande gruvedrift, viktige edellauvskogsførekomstar og eit variert og opplevingsrikt naturmiljø kring Kvitebergsvatnet, gjer at ein bør vere varsam med nye inngrep i området.



Figur 20. Kvitebergsvatnet sett mot nordaust.

24 Kviteberg – Tveitane

Dette området høyrer i høve dei overordna landskapsformene til saman med område 23. Det er likevel vurdert som eit eige delområde grunna konsentrasjonen av gardsbruk, innmarksareal og anna busetnad. Gardane Tveitane og Kviteberg ligg langs fylkesvegen, og ein køyrer delvis gjennom tuna. Garden Atramadalen ligg på austsida ved nordenden av Kvitebergvatnet. Terrenget i landskapsområdet er snevra inn i vesentleg grad og frå vatnet og nordover utgjer det eit trengt daldrag som løftar seg opp til kollelandskapet i overgangen mot landskapsområde 25. Dei sentrale delane av innmarka verkar å vere i drift. Framhald av beiting og slått er viktig for å ivareta området sitt særpreg og opne karakter i kontrast til skog og attgrodd utmark i omgjevnadene.

Figur 21. Vegen passerar gjennom det tronge dalrommet ved Tveitane. Edellauvskogsreservatet i lia bak garden.



25 Fuglebergåsen.

Landskapsområdet utgjør eit høgareliggjande platå mellom Kvitebergsvatnet og Kvinnheradsfjorden. Området er utan busetnad, men Fylkesvegen mellom Ølve og Hatlestrand passerar gjennom den nordlege delen av området. Berggrunnen i sørlege del av området består i hovudsak av næringsrik og lett forvitreleg fyllitt. Dette speglast att i vegetasjonsbiletet med mykje barskog av høg bonitet. Landskapsformene i området er småkollete oppbrote av tydelege, parallelle sprekkesonar i nord-vestleg retning. Ein finn og ein del myrområde og mindre tjern i austlege delar av området. Nokre av myrane er grøfta og det er ført fram traktorveggar i området. Områdets samanhengande naturpreg utan tyngre inngrep, som saman med tilknyttinga til dei store skogsområda lenger vest, gjer at ein bør unngå tyngre tekniske inngrep.

26 Bjørgane

Bjørgane utgjør eit karakteristisk område med bratte stup og skrentar som går loddrett ned i fjorden. Terrenget er her utilgjengeleg og det er stort sett umogleg å ta seg i land frå sjøsida. Innimellom finn ein noko slakare rasurer og dalganger. Berggrunnen består i hovudsak av grønstein og grønskifer. Heile denne bratte skrenten er sør-austvend med god solinnstråling. Ein finn mykje varmekjær edellauvtre og anna vegetasjon som elles er sjeldsynte. Barlind og kristtorn er vanleg i dette området. Lengst nord, på Låtesteinen, står det eit eldre naust. Grunna store naturverdiar bør området i stor grad forbli urørt og utan tilrettelegging. Terrenget er slik at det truleg ikkje er trugssmål mot dette.



Figur 22. Stubbrette klipper ved Bjørgane. Eit inntrykkssterkt naturmiljø.

27 Ask – Teigen

Området er landskapsmessig vendt mot fjorden og består av vekslende hellingar og eit øvre, flatare platå med busetnad og gardsdrift. Det er bygd fleire vegar gjennom området, mellom anna tilkomst til nyare hyttefelt ved sjøen (delområde 28). Vegetasjonen i området er dominert av barskog, i veksling mellom naturleg furu og små plantefelt med gran. På høgdene er det meir lysopen vegetasjon med innslag av beite og slåttemark.

Langs sjøen er det plassert tre naust i ei lita vik med strand. Eit lite strandareal er og tilgjengeleg i sørlige del av området.

Landskapsmessig er det ynskjeleg å halde fram den landbruksmessige bruken av landskapet. I sona mellom innmark og nedste hellinga mot sjøen vil det terrengmessig vere potensial for hyttebygging knytt til eksisterande infrastruktur ved Segltangen.



Figur 23. Garden Ask med hyttefeltet nedanfor ved sjøen. Foto: Anbjørn Høivik.

28 Segltangen

Dette området ligg langs sjøen og omfattar eit flatare parti med avrunda berg. Området er regulert og utbygd til hytteføremål. Det er bygd molo for småbåthamn i sjøen. Ved hamna er det ført opp nokre naust. Hyttefeltet har vegtilkomst gjennom garden Ask som ligg ovanfor.

29 Nettlandsvågen

Nettlandsvågen omfattar eit harmonisk kulturlandskap innpassa i eit småskala terreng med mindre viker, knausar og rolege, opne beiter og slåttemark ned mot sjøen. Gardane ligg langs vegen litt opp frå sjøen i ein slags amfiform. Mykje av området er rekna som viktig jordbruksareal i den kommunale landbruksplanen. Heile området er forankra i ein liten åsrygg i sør-vestre del av området. Langs denne ryggen finn ein mellom anna mykje hasselvegetasjon. Strandlinja er i stor grad nytta til naust og anna sjøtilknytta verksemd. Eit parti i Tømmervika er utan bygningar og synlege spor av anna arealbruk. Det er registrert ei gravrøys og to kleberbrot i området. Landskapsmessig er det særst ynskjeleg at landbruket og det opne kulturlandskapet vert halde i hevd.



Figur 24. Rolege, opne bakker ned mot Nettlandsvågen. Dette er levande kulturlandskap av stor verdi for landskapsbiletet.

30 Eikelandsvågen – Kuneset

Området har ein tydeleg, framskutt plassering som vert understreka av Eikeholmens plassering rett utanfor neset. Området fungerer som visuell avgrensing mellom tilgrensande delområde. Sørsida av neset består i stor grad av eit tradisjonelt bygningsmiljø med naust og bustader. Strandsona er i stor grad open og tilgjengeleg med fleire gode badeplassar. Inne i Eikelandsvågen, på nordsida, er det eit eldre sagbruksmiljø og andre bygningar ved sjøen. Sjølve neset har i stor grad tett vegetasjon med furuskog, med innslag av av lauvskog mot strendene. Området har stor rekreasjonsverdi og bør haldast tilgjengeleg for ålmenta.



Figur 25. Den karakteristiske skogvegetasjonen på Kuneset. Landskapets markerte formasjon vert ytterlegare understreka av Eikholmen. Den er på mange måtar eit landemerke i denne delen av fjorden.

31 Eikelandsåsen – Storemyr

Området skil seg tydeleg ut frå omgjevnadene med bratte, naturprega skrenter med furuskog og lauvvegetasjon med mot sjøen. Strandlinja er her i stor grad urørt og fri for inngrep. Slik sett har området eit slektskap med delområde 26, men med vesentleg lågare og mindre dramatisk profil. Eit skjelanlegg er lokalisert i sjøen ved Stakkaliskora. Som naturområde har det stor visuell verdi frå sjøen og bør halde fram å vere som i dag.

32 Hjortland – Eikeland



Figur 26. Bygdetunet på Kyrkhus.



Figur 27. Riksvegen slynger seg gjennom ope og velstelt kulturlandskap gjennom Hatlestrand.

Dette omfattar eit sentralt jordbruksområde i Hatlestrand. Her finn ein høvesvis dei større gardane i soknet. Plasseringa av kyrkja vitnar og om at ein her er i eit viktig område historisk sett. Gardane er i stor grad velhaldne, omgjevne av eit variert og attraktivt kulturlandskap. Området er i landbruksplanen for kommunen utpeika som viktig landbruksareal. Dei fleste gardsbruka er lokalisert langs fylkesvegen, med unnatak av Gåte og Kyrkhus som ligg på eit litt høgare platå. Her finn ein og eit bygdetun. Berggrunnen består i stor grad av næringsrike skifer og fyllittlag. Kulturlandskapet har stort innslag av tradisjonelle element som bakkemurar, steingarder og markerte, frittstående lauvtre som eik og ask. Området har kapasitet til noko spreidd bustadbygging knytt til gardstuna, men det samla jordbruks- og kulturlandskapspreget bør haldast vedlike.

33 Gjermundshamn

Gjermundshamn er knutepunkt for ferdsle og naturleg sentrum i Hatlestrand med butikk, bensinstasjon, skule og andre servicefunksjonar. Landskapsmessig er heile området knytt opp til vågen som er delt i to botnar. Naustmiljø, brygger og båthamn dominerar i strandsona. Ferjekaien med samband til Varaldsøy og Løfallstrand er lokalisert i sør. Busetnaden i området er fordelt rundt heile vågen, men med ein særleg konsentrasjon på neset mellom dei to botnane. Skulen ligg utanfor det tette sentrum og er meir vend mot jordbrukslandskapet i omgjevnadene. Riksveg 13 går i ein boge rundt vågen og endar på ferjekaien. På yttersida av neset ved ferjekaien er det stort sett samanhengande og lett tilgjengeleg strandsoner.

Området har landskapsmessig kapasitet til ytterlegare bustadbygging og areal for mindre nærings- og serviceverksemdar. Det er viktig å unngå utbygging av resterande opne og tilgjengelege strandsoner.



Figur 28. Gjermundshamn ein travel fredag ettermiddag i august.

34 Veravågen – Grønevika

Dette området utgjer ein langsmal sone langs riksveg 13 og strandlinja nordover frå Gjermundshamn. I området er det spreidd busetnad og mindre gardsbruk som ligg knytt opp mot riksvegen. Avgrensinga av området i vest fylgjer naturlege høgdedrag og skrentar som skil det i hovudsak kultiverte og opne landskapet mot skogsområda innanfor. Landskapsinntrykket er typisk småskala fjordlandskap med lune vikar, grasbakkar ned mot sjøen, små driftsbygningar og spreidde bustadhus. Nokre hytter er plassert ned mot sjøen langs einskilde parti. Eit oppdrettsanlegg for laks er plassert heilt nord i området. Det er delvis utsyn over fjorden og fjelllandskapet mot Folgefonna frå riksvegen. Landskapsområdet har soleis ein viktig funksjon i høve turistferdsle lang ein av dei viktigaste turistvegane på Vestlandet (Rv 13).

Det er ynskjeleg å halde det opne, småskala preget ved like. Ein bør unngå større, dominerande utbyggingar i området. Landskapspleie retta mot å sikra utsyn mot strandlinje og fjordbassenget vil vere tenleg.



Figur 29. Utsyn over den varierte og attraktive strandsona, sett frå Rv 13.

35 Vestervik

Dette området ligg langs Rv 13 og utgjer ei smal sone mellom strandlinja og bratthamrane som stig opp mot dei store, samanhengande skogareala vestover. Vegen dominerar i landskapet, men ei smal sone mot sjøen gjev plass til eit relativt stort tal hytter langs strandsona. Det er ikkje heilårs bustader i området. Utsynet frå vegen er begrensa grunna tett lauv- og furuskog-vegetasjon, sjølv om traseen ligg høgt over fjorden.

Området har begrensa kapasitet til ytterlegare hyttebygging. Skjøtselstiltak for å opne for utsyn frå vegen bør vurderast.

36 Vardegga – Nordåsane

Området utgjer eit større samanhengande naturprega område utan busetnad. Avgrensinga av området fell naturleg langs daldrag og sprekkesonar i aust og vest. Mot nord er kommunegrensa mot Fusa, i sør langs den bratte skrenten ned mot Kvitebergsvatnet. Barskog med naturleg furu og felt med planta gran dominerar vegetasjonsbiletet. Dei høgast liggjande områda på Vardåsen er snaue for trevegetasjon. Høgaste punktet er på 357 moh. Fleire skogsvegar fører inn i området frå ulike kantar. Lettaste tilkomst er frå daldraget nord for Husa. Hovudretningen forma av berggrunn og topografi er mot nord aust. Dette vert brote opp av markerte sprekkesonar på tvers med tildels frodig og varmekjær vegetasjon. Berggrunnen består nesten utelukkande av grønsten og grønskifer. Området er nytta til lokalt friluftsliv og det er merka sti opp til Vardåsen.

I landskapsområdet bør ein halde fram med balansert skogpleie og avvirking som ivaretek omsyn til naturmiljø og rekreasjonsverdiar.

37 Hatlesteinsvatnet – Hjortlandshovda

Også dette området er dominert av skog, med naturleg furu og felt med planta gran. Topografisk er det variert og samansett av markerte kollar, langsgåande daldrag og høgtliggjande platå utan skogvegetasjon. Lags grensa mot Fusa i nord ligg eit større vatn med uregelmessig og langsmal form. Dette partiet har stor opplevingsverdi. Ein finn og fleire tjern og midre vatn i dei høgareliggjande ryggane. Store delar av det nordlege platået er verna som naturreservat (barskog). Markerte høgder som Blånuten og i sær Hatlesteinen er landemerke, godt synleg frå busette område og frå fjorden. Områdeavgrensinga i vest fell saman med soknegrensa mellom Ølve og Hatlestrand. Det er bygd fleire større skogsvegar inn i området. Desse vert og nytta til tur- og rekreasjonsføremål. I nordaust er det fleire gamle svovel- og kobberkisgruver.

Området bør utviklast på same måte som nr 36, balansert skogpleie og hogst som ivartek naturverdiar og rekreasjonsinteresser.

Varaldsøy

38 Sandvika – Kjerland

Dette området ligg vestvend på Varaldsøy og omfattar fleire mindre gardsbruk i veksling med barskogsområde. Ein finn og einskilde parti med edellauvskog. Gardar og busetnad er knytt opp til vegen som tek av ved Trå skule. Lengst sør er det eit interessant naust- og småbruksmiljø ved Raudholmsvika. Lengst nord ved Sandvik er det eit større oppdrettsanlegg i sjøen.

Kulturlandskapspreget er framtrudande og ein finn tradisjonelle kulturmiljø med gardstun, innmark og allsidige element som bakkemurar, steingjerder, steinsatte veiter, styvingstre med vidare.

Denne heilskapen i miljøet har stor visuell og opplevingsmessig verdi. Eit område ved Kjæravik er kartlagt som viktig kulturlandskap av botaniske årsaker. Området representerar meir sjeldsynte landskapstypar etter kvart som gjengroing og driftsnedlegging aukar i omfang.

Det tradisjonelle og heilskapelege kulturlandskapspreget er ynskjeleg å ta vare på. Ein bør vere varsam med omfattande bustadbygging og andre større inngrep i området.



Figur 30. Utsikt til Sandvik frå Rv 13, på andre sida av Øynefjorden. Eit allsidig og attraktivt kulturlandskap med verdifull historisk kontinuitet.

39 Vardaneset

Dette er eit naturprega område utan vesentlege nyare inngrep. Strandsona er i hovudsak naturleg med fleire tilgjengelege strender. Ein mindre veg kryssar gjennom området for tilkomst til Rauholmsviki. Vegen til Sandvik ligg i øvre del av området. Langs denne vegen er landskapet prega av gamle fuktenger som ikkje har vore i bruk på lang tid. Skogsbiletet er open blandingsskog. Området framstår som eit naturområde og fungerer som avgrensing av den sentrale bygda på Varaldsøy.

Områdets naturpreg bør ivaretakast og strandsona vere tilgjengeleg for rekreasjonsfremål.

40 Bygdavågen

Dette landskapsområdet utgjer det sentrale busetnadsområdet på Varaldsøy. Området avgrensast naturleg i aust av den bratte skrenten opp mot Haukåsberget, i vest og nord av skogområda. Området ligg i eit fyllittbelte som gjev næringsrikt jordsmonn og godt vokstergunnlag. I området er butikk og ferjekai, skule, grendahus og kyrkje. Busetnaden er spreidd og med lite preg av tilrettelagde bustadfelt. Hus frå ulike tidsperiodar ligg om kvarandre og skapar eit fint særpreg på området. Busetnaden er konsentrert på kvar side av Nedrevågelva og Bygdavågen.

Dette partiet er i stor grad urørt og med fleire interessante biotopar og eit rikt fugleliv. Skule og kyrkje ligg i øvre delar av området med fint utsyn over vågen og fjorden. Området er eigna til vidare utvikling som sentrum med bustadbygging og fellesfunksjonar. Naturmiljøet langs Nedrevågelva og Bygdavågen bør skjermast mot utbygging.



Figur 31. Ferjekaien er sentral for kvardagslivet på Varaldsøy. I bakgrunnen det naturprega Vardaneset.

41 Skjelnesodden

Skjelnesodden er ein markert landform som stikk ut som ein baug i fjordbassenget og skil Kvinnheradsfjorden i to mindre fjordlaup, Sildefjorden som er hovudleia og Øynefjorden på vestsida av Varaldsøy. Terrengprofilen på Skjelnesodden er låg og området er i stor grad skogkledd. Strandlinja er variert, med fleire lune viker. Naturmiljøet er variert. Berggrunnen er delt i to med fyllittlag på vestsida og med hardere kvartsrisk berggrunn på austsida. Langs ryggen er det eit smalt band med kalk. Her er registrert verdifull kalkfuruskog. På vestsida er kartlagt verdifull strandeng og strandberg-vegetasjon i Glevika og Hestvikneset. Det er registrert fleire gravrøyser i området. Ein skogsveg er bygd frå Skjelnes og fram til Hestvika, der det tidlegare har vore ein buplass. Elles er det fleire hytter langs stranda på austsida av Skjelnesodden. I området er det og fleire gode stiar og heile området er godt eigna til friluftsliv. Området sin framskutte plass i fjordbassenget og rike og verdifulle naturmiljø gjer at ein bør vere varsam med ytterlegare byggeaktivitet og tekniske inngrep.



Figur 32. Ytste del av Skjelnesodden med hytter og eldre naustmiljø. Bygningane her er godt tilpassa landskapet, men odden er sårbar for ytterlegare utbygging.

42 Ferjevågen

Dette landskapsområdet er knytt opp til den attraktive og mykje nytta badeplassen og friområde i Ferjevågen. Det er god sti ned til vågen frå parkeringsplass ved Hellebrotet. Stien går gjennom eit tett plantefelt med høge grantre. Landskapet som omgjev vågen har ei open amfiform med fleire hytter som ligg delvis skjult i skogen, men med utsyn mot vågen og Sildefjorden. Langs stranda er fleire naust. Strandsona er tilgjengeleg og med fleire fine svaberg til å opphalde seg på. Som friluftsområde er det lite ynskjeleg med ytterlegare hyttebygging.



Figur 33 . Ferjevågen ein kald vinterdag. Om sommaren er det eit anna liv på svaberga og i sjøen.

43 Gjuvsland

Gjuvsland er eit jordbrukslandskap med gardsbruk, bustadhus og hytter i den opne sør-austvende lia ned mot sjøen. Delområdet er avgrensa mot vegen mellom Bygdavågen og Åkre i nord, Vardheiane i aust og Haukåsberget i vest. Det opne landskapet omfattar beitemark og slåtteengar. Vegen slynger seg ned gjennom lia og endar på kaien. Trass i ulike arealbruksinteresser, framstår området som harmonisk i høve landskapet omkring. Landskapets opne karakter er viktig å halde vedlike.



Figur 34. Gjuvsland ligg konsentrert mellom koller og bratte skrentar.

44 Fjellgardane

Dette landskapsområdet ligg som ein open øy i eit samanhengande barskoglandskap. Grenda med fleire gardsbruk ligg høgt og fritt i ein sørvend skråning, omlag 250 moh. Frå gardane er det utsyn over ytre delar av Hardangerfjorden, og frå sjøen skil området seg tydeleg ut frå omgjevnadene. Visuelt er det difor særskilt viktig at den opne karakteren vert ivareteke. Ein av gardane har ein større samling av tradisjonelle gardshus, reiskap og inventar.



Figur 35. Ope landskap, omkransa av skog ved Fjellgardane.

45 Gjuvslandsliene

Gjuvslandsliene er eit særmerkt landskapsområde. Det omfattar dei til dels bratte skrentene under Vardheiane. Landskapet flatar noko ut ned mot strendene. Området inneheld unike tradisjonelle slåttenger med stort innhald av sjeldne artar i blomstereng med særskilt lang kontinuitet. Området har og fleire store barlindar og ein finn kristorn her. Gjuvslandsliene er verna som landskapsvernområde og er registrert som eit av dei mest verdfulle kulturlandskapa nasjonalt. Forvaltninga av området er lagt til Fylkesmannen i Hordaland.

46 Åkresvågen

Åkresvågen utgjør eit heilskapleg og sjeldant velskjøtta kulturlandskap med stor opplevingsverdi. To gardsbruk ligg på kvar side av vågen og sett preg på landskapet. Det er god samanheng mellom bygningsmiljø og kulturmarka omkring. Ny veg til Åkre er lagt i svingar ned lia mot Åkresvågen. Vegen kryssar gjennom opne beite- og slåttemarkar ned gjennom heile lia.

Berggrunnen i området er kalkrik og skifrig og gjev god næringstilgang. Den karakteristiske Åkresholmen avsluttar landskapsrommet utanfor vågen. Denne holmen vert nytta til beiting og framstår difor og som eit velstelt landskap. Yttersida har ein fint utforma og lett tilgjengeleg strandsone. Delområdet harmoniske og velstelte inntrykk har stor verdi som kulturmiljø og er ein viktig opplevingsfaktor i landskapet på Varaldsøy.



Figur 36. Åkresvågen sett frå vegen. Eit velstelt og harmonisk gardsmiljø og kulturlandskap.

47 Åkre

Åkre er eit klart avgrensa delområde mellom dei bratte hamrane under fjellformasjonane i nord-vest og strandsona som stikk ut i fjorden og formar eit lågt platå. Store delar av denne strandsona er tilgjengeleg og har stor opplevings- og bruksverdi. Eit gardsbruk i drift dominerer arealbruken i området. Den sørlege delen av området vert nytta til slåttemark, medan den nordlege er utforma som open beitemark med innslag av trær og buskvegetasjon. Langs stranda i aust er det naturleg furuskog og snaue svaberg. I dette området er det etablert fleire utleigehytter. Det er og bygd ei lita båthamn i området.

Slik dette delområdet no framstår har det ein fin balanse mellom ulike former for arealbruk, basert på stadeigne ressursar.

48 Djupevika – Haukaneslia

Dette delområdet omfattar ei frodig og bratt lise som endar i vanskeleg tilgjengelege urar og bratthamarar ved sjøen. Området er dominert av edellauvskog, og store delar av det er innlemma i eit edellauvskogsreservat. Tradisjonelt har mykje av liane vore beita, men i dag verker berre dei nordlegaste områda å vere beita av sau. Vegen mellom Åkre og Haukanes går delvis høgt oppe i edellauvskoglia. Området har ein spesiell karakter med den omfattande og samanhengande edellauvskogen. Fylkesmannen set rammer for bruk av reservatet, elles er det ynskjeleg å halde fram med beiting i dei områda som ikkje er freda.

49 Haukanes

Haukanes er ytste grenda på austsida av Varaldsøy. Tradisjonelt utgjør staden ei samling små gardsbruk omgjevne av innmarksareal, beiteområde og utmark i den bratte edellauvskoglia i vest. I seinare tid har det kome til fleire hytter og eit oppdrettsanlegg for matfisk. Haukanes ligg eksponert mot hovudleia inn Hardangerfjorden. Kulturlandskap og busetnad utgjør ein landskaps- og opplevingsmessig viktig kontrast til dei store naturområda på dei nordlege delane av Varaldsøy.



Figur 37. Sau på beite på Haukanes.

50 Sild

Øya Sild er eit landemerke i fjordlaupet. Namnet Sildafjorden har og namnet etter øya. Det er gamal busetnad på øya og landskapet ber preg av å vere kultivert gjennom lang tid. Sjølv om øya er lita, er det stor variasjon i landskapet, med veksingar mellom skogkledde knausar, beitebakkar, svaberg og lune vikar med tiltalende strender.

Øya si brukshistorie og den markerte landemerkefunksjonen i fjorden, gjer det aktuelt å styre arealbruksutviklinga og eventuelt iverksetje skjøtselstiltak i landskapet, om dette ikkje alt er i gang.



Figur 38 . Busetnaden på Sild. Øya ligg midt i fjordløpet med mektige fjell som bakgrunn.

51 Øyefjellet – Brotalifjellet

Delområdet er eit av dei større innan utgreiingsområdet, og er dominert av skog, fjell, myrdrag og område med små tjern og vatn. Høgaste toppen er Varden på Øyefjellet 600 moh. Det er merka sti opp til denne toppen frå veg ved fjellgardane. Berggrunnen i området består i hovudsak av næringsrik fyllitt, med innslag av harde og sure grunnfjellsbergartar.

Nordlege høgtliggjande parti har glissent vegetasjonsdekke med småvokst furuskog. Eit større bergverksanlegg vart bygd opp på 1800-talet på nordsida av Brotalifjellet. Det er bygd veg fram til dette området. Naturmessig er det rike vegetasjonsmiljø og sjeldne arter i området. Norges største barlind er freda og står i Sekkeskardet, vest for fjelltoppen Sekken. På nordaustsida er det ført veg fram til kai. Det er lokalisert fleire oppdrettsanlegg langs austsida av Varaldsøy.



52 Glebakka - Øyarhamnsvegen

Dette området utgjer den langsmale sona som er knytt opp til vegen som går tvers over heile øya nord til Øyarhamn. Denne sona vert avgrensa av kløfter og markerte bergryggar som ligg inn mot vegen. Mest heile strekninga har ein ei kjensle av å reise i ei kløft. Nokre stader utvidar landskapsrommet seg og dannar opplevingsmessig rolegare situasjonar. Nedstiginga til Øyarhamn skjer gjennom rolege svingar, der landskapet opnar seg med vidt utsyn innover Hardangerfjorden. I dei sentrale parti langs vegen finn ein større og mindre felt med planta gran. På nordsida er vegetasjonsbiletet dominert av lågvokst og open furuskog.

Ei reise langs denne vegen gjev stor opplevingsmessig variasjon.



Figur 39. Eit "øksehogg" i fjellet markerar der vegen til Øyarhamn passerar.

53 Øyarhamn

Øyarham er ei gamal og trygg hamn midt på nordsida av Varaldsøy, og har vore nytta som ferdsllemessig knutepunkt i all tid. Det var ei av dei viktigaste utskipingshamnene i Hardanger. Stadens sentrale plassering i fjorden gjorde det og til eit bygdesentrum mellom Varaldsøy og Strandebarm.

Det er mange bygningar, kaier og andre spor etter staden sin handelsmessige posisjon, samt bygningsmasse knytt til gruvedrifta lenger inn. Det er i dag etablert eit smoltanlegg på kaien i Øyarhamn. Det er og nokre hytter i området. Øyarhamn si historie som knutepunkt for handel og ferdslle, kan gjere det aktuelt å utvikle det vidare. Nye tiltak og byggeverksemd bør ta omsyn til landskapets historiske strukturar og eksponeringa mot eit stort fjordområde.



Figur 40. Frå Øyarhamn. Smoltanlegget ligg på land utom den innerste Vika.

54 Sandvikehorga

Fjellpartiet vest for Øyarhamnsvegen har mykje same karakter som på austsida. Dei høgaste partia av Sandvikehorga ligg på 535 moh. Det er merka sti opp til toppen av dette fjellet. Berggrunnens nordaustlege hovuretning finn ein og her, med i hovudsak fyllittisk skifer. Det er fleire område med frodig lauvskogsvegetasjon i lågare parti. I sørlege område er det felt med planta gran. Det største vatnet på Varaldsøy lig nordvest i delområdet. Dette utgjer eit frodig men avsides naturmiljø med innslag av edellauskog. Den vestlege strandsona er like steil og vanskeleg tilgjengeleg som på austsida. Det er lokalisert eit oppdrettsanlegg langs denne sida. Det er bygd fleire skogsvegar inn i området frå sør. Området har stor verdi som samanhengande naturområde for rekreasjon og friluftsliv.

5. Oppsummering og tilrådingar.

5.1. Samanstilling av områdekategoriar vurdert ut frå dominerande trekk i naturmiljø og arealbruk

Med bakgrunn i skildringane i kapittel 4, kan dei 54 delområda samlast i 6 ulike arealkategoriar. Oversikten syner samanheng og fordeling av arealbruk slik det framstår i dag. Inndelinga vil kunne vere retningsgjevande for utviklingsmål og omsyn som bør takast i arealforvaltinga i Ølve-, Hatlestrand- og Varaldsøyområdet. Sjå figur 41a og b.

A. Busetnad, næringsareal, service etc.

Område der ny utbygging i hovudsak ikkje vil kome i konflikt med overordna verdiar i landskapsbilete og landskapskarakter. Særskilde omsyn skal likevel takast i strandsonene og til landbruk, kulturmark og naturmiljø i området, der dette førekjem.

B. Landbruk, gardsbusetnad og innmark

Område som er dominert av landbruksaktivitetar, men som i nokon grad kan tåle spreidd utbygging men der omsynet til open landskapskarakter bør sikrast.

C. Hytteområde

Område der hytteutbygging er eit vesentleg innslag i landskapsbiletet. Områda vil i varierende grad ha kapasitet til ytterlegare hyttebygging

D. Kulturmiljø, tradisjonelle kulturlandskap


Område med særskilde heilskaplege kvalitetar og opplevingspotensial knytt til allsidig kulturlandskap og tradisjonelle bygningsmiljø.

E. Urørte strandsonar og sjønære område


Område som i hovudsak er utan nyare bygningar og vegtilkomst. Eldre naust og liknande vil finnast.

F. Samanhengande naturområde

Naturområde som er lite påverka av vegar (unnateke skogsvegar), bygningar etc. Landbruk, skogplantefelt, skogsdrift og anna utmarksbruk er tilstades, men utan at høvet til rekreasjon og friluftsliv vert hindra.



Figur 41 a. ØLVE – HATLESTRAND. Inndeling av delområda i områdekategoriar ut frå dominerande trekk i naturmiljø og arealbruk.



Figur 41b. VARALDSØY. Inndeling av delområda i områdekategoriar ut frå dominerande trekk i naturmiljø og arealbruk.

5. 2. Visuelt sårbare landskapsområde.

Område som ut frå sin eigenart og særskilde kvalitetar er viktige for landskapsbilete, identitet og opplevingsverdi. Nye tiltak i slike område bør vurderast strengt.

Omfattar og område som er visuelt tilgjengelege og synlege i omgjevnader som folk ferdast i og har allmenn tilgang til. Det inneber at område langs ferdsléarar som veg og ferjeleie, eller område som er synlege og har markerte, lett attkjennande trekk i landskapet dominerar.



Dei utvalde områda er skildra i kapittel 4. Ein må vere merksam på at det ikkje treng å vere samanfall mellom avgrensing av visuelt sårbare område og delområde. Områda er vist med avgrensing på kart i figur 42.

Delområdenr:	Lokalisering
1	Sør- og vestsida av Stussvikhova. Viktig landskapsformasjon ved Lukksundet. Orienteringspunkt frå store delar av Ølve.
4	Skogkledde skrentar ned mot sjøen er visuelt sårbare for inngrep i samband med utvikling av hytteområde, sett frå Lukksundet
5	Hamarhaugneset.
6	Gjersheimsholmane.
9 / 36	Smal kløft langs vegen mellom Husa og Sundfjord i Fusa.
10	Nordøya.
11	Austsida av Terøysundet.
12	Sør- og vestsida av Ølveshovda.
18	Attraktive vikar og urørte strandsoner som er lett tilgjengelege til friluftsføremål.
23/25	Skogkledd åsrygg som fungerer som visuell avgrensing av det varierte og attraktive landskapsrommet kring Kvitebergsvatnet.
23/36/37	Bratt, markert skrentmed allsidig vegetasjonsbilete, edelauskog. Eksponert mot landskapsrommet ved Kvitebergsvatnet og hovudvegen mellom Ølve og Hatlestrand.
26/27	Bjørgane. Særmerkte klippeformasjonar som stuper rett i fjorden.
30	Kuneset og Eikholmen. Det utstikkande neset og holmen utanfor er lett synlege orienteringspunkt langs strandsona sør for Gjermundshamn. Visuelt sær sårbar for nye inngrep.
31	Hatlestranda. Samanhengande urørt strandlinje.
37	Den markerte og regelmessig utforma kollen Hatlesteinen er godt synleg frå mange stader i Hatlestrand. Viktig landemerke.
37	Markert skrent som markerar overgangen mellom lågare skogparti og den høgareliggjande og til dels snaue fjellryggen mot Fusa.
39	Vardaneset. Framstikkande nes som avgrensar mellom bustads- og landbruksområde. Strandsona er i stor grad urørt og lett tilgjengeleg.
41	Strandsona rundt heile Skjelnesodden. Denne odden stikk markert ut i fjordbassenget og er visuelt eksponert mot all ferdsle langs Hardangerfjorden, samt ferjetrafikken mellom Gjermundshamn, Varaldsøy og Løfallstrand.
48/51	Dei bratte og lange skrentane under Øyefjellet. Markerte og visuelt synlege landskapsformasjonar mot hovudleia i Hardangerfjorden.
52	Fleire parti med tronge kløfter og lukka landskapsrom langs vegen til Øyarhamn.

5.3. Heilskaplege kulturlandskap og kulturmiljø av særskild verdi og utviklingspotensial.

Gjeld område der den kulturhistorisk djupna framleis er synleg og mogleg å oppleva. I mange tilfelle vil det i slike område vere trong for restaurerings- og skjøtselstiltak. Eventuelle tiltak er ikkje drøfta i denne rapporten. Områda er skildra i kapittel 4. Avgrensing er vist på figur 42.

Delområdenr:	Lokalisering
10	Terøya. Kulturlandskapspreget er her tydeleg og syner lang kontinuitet.
13	Dei rike og opne jordbruksområda i Ølve, med kyrkja som sentral stad, har ein viktig landskapsmessig verdi og formidlar og lange kulturhistoriske tradisjonar.
16/23	Området langs elva mellom Kvitebergsvatnet og Hyttevågen har rike kulturhistoriske spor, mellom anna vasskraft, gullverk og tidleg industri.
20	Ulvanes utgjer eit tradisjonelt kulturlandskapsmiljø med nær samanheng til sjø og naustmiljø. Stort innslag av førhistoriske kulturminne.
23	Omfattande spor etter gamal gruvedrift gjer området kulturhistorisk interessant og verdifullt.
29	Gardsmiljøet med tydeleg og tradisjonelle eigedoms- og landskapsstruktur og god kontakt til strandsona.
30	Eldre sagbruksmiljø ved sjøen.
32	Kulturlandskap med rikti innhald av tradisjonelle element som bakkemurar, steingarder etc. Gardsmiljø i god hevd skaper ein fin ramme kring Hatlestrand kyrkje. Bygdesamling på garden Kyrkjhus.
38	Tradisjonelt kulturlandskap av særskild høg verdi. Stort innhald av bakkemurar, steingarder, styvingstre og tradisjonelle, artsrike slåttengar.
45	Gjuvslandsliene er nasjonalt viktig kulturlandskap med slåttengar, styvingstre og stort innslag av barlind.
46	Eit særskild opplevingsrikt, tradisjonelt kulturlandskapsmiljø halde i god hevd.
50	Øya Sild representarar viktige historiske funksjonar og har eit verdifullt kulturlandskap.
52	Gruveområdet har ein interessant historie og omfattande spor etter tidlegare drift visast i landskapet.



Figur 42

Grønt, Visuelt sårbare landskapsområde.



Oransje. Viktige heilskaplege kulturlandskap og kulturmiljø.

5.4. Viktige område for reiselivet (rekreasjon, friluftsliv og landskapsoppleving)

Heilskapelege område som har særskilde kvalitetar i samband med rekreasjon, friluftsliv og landskapsoppleving. Sjå figur 43.

Utmarka her generelt stor verdi for friluftslivet og bør takast omsyn til ved utarbeiding av kommunedelplan. I særskild grad er det viktig å sikre god tilkomst til utmarka frå bustadområda.

Delområdenr:	Lokalisering
1, 2, 4, 5, 6	Lukksundet innanfor Hamarhaugneset har store kvalitetar for småbåtferdsle. Variasjon i strandsoner, holmar og små øyar gjer området opplevingsrikt og med høve til å finne plassar å gå i land. Viktig inntrykk av Ølve for folk som passerar forbi i båt.
5	Strandsone, i hovudsak urørt.
8	Håvikvatnet er lett tilgjengeleg frå veg og er med si utforming attraktivt for padling og opphald langs strendene.
10	Attraktive øyar med variert kulturlandskap og tilgjengeleg strandsone.
11	Urørt strandsone mot Terøysundet.
12	Ølveshovda med sin markerte form og tilrettelagte turstiar er viktig i rekreasjonssamanheng
18	Heile strandsona er eigna til friluftsliv og rekreasjon. Fine plassar å gå i land frå båt. Svaberg og viker. Området har eit urørt preg og er utan vegtilkomst frå landsida.
20, 21, 26, 27	Samanhengande strandsone mellom Selvågåsen og Seltangen. Området er med unnatak av eit oppdrettsanlegg i vika ved Ulvanes, utan nye inngrep i strandsona. Landskapsmessig har dette området særst store variasjonar, med tilgjengelege strender, tradisjonelle naustmiljø, allsidig kulturlandskap og bratte, høge stup som går rett i sjøen. Opplevingsverdien er i hovudsak knytt til ferdsle med småbåtar, kajakkar o.l. på sjøen.
23	Kvitebergsvatnet er attraktivt som landskapselement. Det er stor variasjonsrikdom i området med små holmar og ei variert strandlinje. Gamle gruver langs austsida høyrer med i dette opplevingsmangfaldet. Området er lett tilgjengeleg og vatnet høver godt til å padle i med kano.
30	Kuneset og Eikholmen er framtrekande landskapselement med stor opplevingsverdi.
37	Hatlesteinen. Markert landskapsform / kolle. Fungerar som utsynspunkt og landemerke.
41	Strandsone langs Skjelnesodden. Området er særst eksponert frå fjordsida og lite prega av utbygging. Fleire stader er det mogleg å gå i land. Det er og mogleg å ferdast på skogsvegar og stier.
42	Ferjevågen er eit mykje nytta lokalt friluftsområde med badeplass og tilrettelagt for publikum.
45	Gjuvslandsliene er eit spesielt, tradisjonelt kulturlandskap med stor opplevingsverdi. Tilgjengeleg både frå sjøen og frå land.
46	Landskapsmiljøet kring Åkresvågen og Åkreholmen er særst attraktivt og opplevingsrikt. Skuldast både landskapsformer og eit særst velhalde kulturlandskap.
50	Øya Sild ligg midt i fjordløpet og er ein attraktiv stad for båtfolk.
52	Strekninga langs vegen over til nordsida av Varaldsøy er viktig for friluftslivet og tilkomsten til store, samanhengande naturområde nordover på øya. Sjølve vegstrekninga har og stor verdi med stor variasjonsrikdom i landskapet med tronge kløfter, idylliske tjern og tilkomst til det særprega barlindområdet på Varaldsøy. I nord ligg og det kulturhistorisk interessante gruveområdet med lett tilkomst frå vegen.



Figur 43. Oversikt over viktige område for rekreasjon, friluftsliv og landskapsoppleving.

Kjelder:

- Bruun M. 1983. *Vurdering av landskapskvalitet. Utkast til arbeidsopplegg*. Institutt for landskapsplanlegging, Ås.
- Bruun M, 1996 *Landskapsbildet i norsk naturforvaltning*. Institutt for landskapsplanlegging.
- Elgersma A. 1996. *Landskapsregioner i Norge, med underregioninndeling. M 1:2000 000*. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.
- Elgersma A. og V. Asheim 1998. *Landskapsregioner i Norge, landskapsbeskrivelser. Rapport 2/98*. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.
- Feste J. og A.I. Oterholm 1973. Landskapskarakter. Vurdering av fattbarhet og estetisk kvalitet i naturlandskapet. Institutt for Hagekunst, NLH.
- Kvinnherad kommune 1983. Gerneraplan 1983 – 1994. Hovudrapport vedteken av kommunestyret 28.12.83
- Kvinnherad kommune 2004. Landbruksplan for Kvinnherad.
- Kvinnherad Turlag 2003. Kvinnherad fjelltrim, turguide.
- Kvinnherad kulturkontor 1987. Melding om kulturminnevernet i Kvinneherad kommune.
- Moe Bjørn 2002. Registrerte naturtyper i Kvinnherad kommune. Botanisk utredning.
- Nordisk Ministerråd 1987. *Natur- og kulturlandskapet i arealplanleggingen. Forvaltning av ressurser og verdier*. Miljørapport 1987:3.
- Norges Geologiske Undersøkelse 1955. Kisdistriktet Varaldsøy – Ølve I Hardanger og Bergverksdriftens historie.